

**Kraftledning vert sanert**

22.12.2014

**Kvinnherad kommune har gjeve uttale til NVE om riving av kraftledning frå Uskedalen til Langeland på Stord. Det vart lagt sjøkabel frå Husnes til Stord i 1982 som erstatning for lina på 13 kilometer frå Uskedalen til Langeland. Etter 1986 har kabelen berre vore nytta som reserve for 300 kV-systemet.**

Utifrå opplysningane som ligg føre er straumforsyninga sikra i dei områda i kommunen som tidlegare nytta ledningen som reserveløysing. Det vil seia Husnes, Uskedalen og Rosendal. Sanering av ledningen er positivt med omsyn til landskapet og har etter det kommunen kan sjå ingen negative effektar for Kvinnherad, skriv saksbehandlar Karin Thauland.

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen